

## **SAK 08-09 TEMA REISELIV**

### **Saksopplysning**

Når temaet reiseliv er sett på dagsorden er det fyrst og fremst fordi det er ei svært viktig næring for Hallingdal, som også har vore og er ei prioritert satsing i det regionale samarbeidet. I Strategisk plan for Hallingdal og vedteke handlingsprogram, står det m.a.:

*Mål 8 Vidareutvikle Hallingdal til den fremste reiselivsregionen i landet.* Eit konkret tiltak er å støtte opp om Hallingdal Reiseliv.

Buskerud er eit av landets største reiselivsfylke, med Norges største reiselivsregion Hallingdal. Ut frå den viktige næringa dette er i Buskerud, er fylkeskommune no i gang med å laga Norges første regionale delplan for reiseliv, og er i så måte ein nasjonal pilot på reiselivsplanlegging og partnarskap. Ein regional delplan for reiseliv er eit signal om ei ytterlegare styrking av fylkeskommunen si satsing på reiseliv. Arbeidet med å utvikle delplan skal skje i ein grundig prosess med alle relevante partnarar. Det er lagt opp til regionale møter og temasamlingar. Det er utarbeida eit planprogram som har vore ute på høyring, og det er planlagt at sjølve plandokumentet skal vera klart i slutten av året.

Meir informasjon om arbeidet kan hentast her:

<http://www.bfk.no/Modules/reiseliv.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=8288&Category.ID=3654>

Det er ingen tvil om at reiselivsnæringa har sine utfordringar både i forhold til utvikling, organisering og økonomi, samstundes som det er mogelegeheter. Dette vil bli nærmere belyst på Hallingtinget og vil vera eit bakteppe for ei drøfting, der også reiselivsnæringa er invitert til å vera med.

Temaet er lagt opp med ei tidsramme fra 10:00 – 14:00 (inkl. lunsj), med følgjande innlegg:

- Kvar står Hallingdal i forhold til andre regionar, utvikling, organisering, økonomi.  
Betrakningar om Hallingdal dei komande åra.  
v/ Erik W. Jakobsen, Menon
- Hallingdal Reiseliv vil orientere kort om status og satsing framover.
- Kort om regional delplan for reiseliv, v/Bente Bjerknes, Buskerud fylkeskommune.
- ”Koss kan Hallingdal stå fram som ein spennande plass å oppleva noko, i framtida.” v/ Pål K. Medhus, Høve Støtt

### **Drøfting**

Ål 6.9.2009

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar